

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Torunn Hovland Ljone sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag:

"Fylkestinget ber rådmannen om snarast å leggja fram sak om Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum. Målet må vera at museum, som har lagt vekt på fag, og ikkje geografi/region, også må koma inn under Regional plan for museum, og såleis kunne søkja på museumsplanmidlar."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Ljone sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.
Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

| | |
|----|---|
| 1. | Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka. |
| 2. | Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det ein skilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i kultur- og ressursutvalet. |
| 3. | Fylkestinget ber om at Tiltak 3 <i>Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering</i> framleis vert prioritert som tiltak i Handlingsplanen. |